



Møtereferat

Møte nr. 5 i: Utval for politisk styringsstruktur	Dato: 20.02.2018	Tid: Kl. 15.30 – 18.15
Møteleiar: Marianne Sandahl Bjorøy	Stad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
Medlemmer som møtte: Marianne Sandahl Bjorøy Ernst Einarsen Kristin Brennhaug Jogeir Sognnæs Jørgen Kausland Børge Haugetun Ingrid Marie Toft	Forfall: Jogeir Sognnæs måtte gå kl. 1715	
Andre: Ingen		
Referent: Willy Sørensen		

Saksnr	Sakstittel
9/18	Velkomen ved leiar Marianne Sandahl Bjorøy Leiaren ønskte velkomen til møtet
10/18	Godkjenning av innkalling og saksliste, og godkjenning av tidlegare utsendt referat frå førre møte 11.01.2017. Innkalling, saksliste og referat vart godkjend utan merknader.
11/18	Drøfting av del 2 i utkast til reglement for folkevalde organ, datert 13.02.18 Del 2 i utkastet var i hovudsak reglement for godtgjersle til folkevalde. Utvalet hadde ein grundig gjennomgang av utkastet, m.a med utgangspunkt i gjeldande reglement for godtgjersle i kvar av dei tre kommunane. Ein nytta også gjeldande reglement i Hordaland fylkeskommune som referanse. Utvalet vart samde om eit framlegg som, saman med tema ein har drøfta i tidlegare møte,



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

	<p>skal inngå i ein samla rapport som skal til handsaming i fellesnemnda sitt møte 16.april.</p> <p>Neste møte fekk endra dato til 22.mars kl. 1430 pga. møtekollisjon. Til det møtet fekk sekretæren i oppgåve å gjere ferdig eit framlegg til samla sluttrapport. Sekretæren fekk også i oppgåve å lage ein førebels «kladd» til politisk sak til fellesnemnda.</p>
12/18	<p>Ymse</p> <p>Det vart ikkje drøfta spesielle saker eller tema under ymse.</p> <p>07.03.2018 For leiaren</p> <p>Willy Sørensen Referent</p>